

## Lokal leing ved Nordfjord Sjukehus- Framtidas Lokalsjukehus

Vi viser til styrevedtak i Helse Vest 5.februar 2014, sak 015/14, pkt.1 :

**Styret i HV seier seg godt nøgd med arbeidet i «Utviklingsprosjektet ved Nordfjord Sjukehus – «Framtidas Lokalsjukehus » og sluttar seg til modellen som er utvikla og ber Helse Førde realisere planen. Styret deler administrasjonen si vurdering av at det må etablerast lokal leing for å understøtte gjennomføring av modellen.**

Vi har notert fylgjande frå den grundige saksutgreiinga vedkomande stadleg leing:

**Høyringsinstansar legg vekt på at leiingsmodellen ved Nordfjord Sjukehus må ta i vare både kommunane, innbyggjarane og personalet ved sjukehuset, samt behov utløyst av samhandlingsreforma, og at det har vore usikkerheit over tid blant personalet ved sjukehuset.**

For å sikre det planlagde og nære samarbeidet om pasientbehandling, felles bruk av areal og felles bruk av personell, må Framtidas Lokalsjukehus utviklast vidare og drivast i nært samarbeid med kommunane i opptaksområdet. **Leiingsmodellen for Nordfjord Sjukehus (NSH) må understøtte denne samhandlinga.**

**For å ta omsyn til desse forholda meiner Helse Vest at det må etablerast ei lokal leing ved Nordfjord Sjukehus. Det vert i denne samheng vist til sak 44/13 der det vert lagt til grunn etablering av lokal leing ved Stord Sjukehus.**

Vi er kjende med resultatet av ein brei prosess i Helse Fonna / Stord Sjukehus, og ser fram til at det snarast vert sett i verk ein tilsvarende brei prosess i Helse Førde / Nordfjord Sjukehus. Vi ser det som sjølvstøtt at det snarast vert etablert ei arbeidsgruppe med brei deltaking frå lokale tillitsvalde og vernetenesta. Vi finn det elles naturleg at samhandlingskommunane i opptaksområdet vert invitert med i arbeidsgruppa.

Vi viser også til Statsråd Høie sitt besøk ved Nordfjord Sjukehus 18.mars 14. I møte med tillitsvalde og verneteneste bekrefta Høie at det skal etablerast ei stadleg leing ved Nordfjord Sjukehus.

Vennleg helsing

Oddlaug Lyslo Vereide TV NSF *Oddlaug Lyslo Vereide*  
Vigdis Hestad Smørdal TV Fagforbundet NSH *Vigdis Hestad Smørdal*  
Merete Kjølberg TV LMBB NSH *Merete Kjølberg*  
Lene Olsen VO Medisinsk poliklinikk NSH *Lene Olsen*  
Rita Berg Nesbakk VO NSH *Rita Berg Nesbakk*  
Ingunn Nes Åbrekk VO Servicesenteret NSH *Ingunn Nes Åbrekk*  
Hilde Henriksen VO LMBB NSH *Hilde Henriksen*  
Ann Mari Sørland VO Reinhold NSH *Ann Mari Sørland*  
Bodhild Ingunn Nyhammer Bakke TV Fagforbundet NPS *Bodhild Nyhammer Bakke*

Torill Nyheim Holvik VO NPS

Björg Halnes Melheim HVO NPS

Siv Emdal TV FO NPS

Torill Nyheim Holvik.

Björg Halnes Melheim

Siv Emdal

Kopi:

Herlof Nilsen, adm. dir Helse Vest

Terje Vareberg, Styreleiar Helse Vest

Jorunn Ringstad, Styreleiar Helse Førde

Laila Haugland, Seksjonsleiar NSH

Sven Flo, Leiar Nordfjordrådet

Alfred Bjørlo, Ordførar Nordfjordeid